

Periodiske emnerapportar – haust 2010

FRA2504 Dreyfus-saka

- 1 Det har ikkje vore avvik frå emneplanen.
- 2 Av 7 emnepåmelde studentar leverte 4 kvalifiseringsoppgåve og tok seinare heimeeksamen (2 som fjernstudentar). 1 student fekk karakteren A, 2 fekk B, og 1 fekk C. Dette resultatet er svært tilfredsstillande. Alle dei fire som tok eksamen, har lagt ned ein solid arbeidsinnsats, og har fått ”løn for strevet” (sjå evalueringsskjemaet til den eine studenten som har fylt ut det). Ein av dei to studentane som har følgd førelesingane, har levert elektronisk evaluering og er, får vi tru, representativ for begge to. Evalueringa viser at emnet har vore engasjerande og utbyterikt og dermed svara til forventningane.
- 3 Visningane av dokumentar- og fiksjonsdokumentarfilmar knytte til emnet etter førelesingane har samla dei tre studentane (dei to på BA-nivå og den einaste på MA-nivå) som har følgd førelesingane. Alle tre har gitt uttrykk for nytten av eit slikt ekstratilbod. Ekstra stor pris sette dei på at professor Bernt Hagtvat ved statsvitenskap heldt ei gratis gjesteførelesing som avslutning på semesteret, der han sette Dreyfus-saka inn i ein større politisk og ideologisk samanheng. Mange studentar på FRA1501 var òg til stades.
- 4 Ingen særskild kommentar.
- 5 Ingen særskild kommentar.
- 6 Ingen særskild kommentar.

Det er litt urovekkjande at så få melde seg på emnet. Eg er spent på om den nye BA-ordninga vil gi oss fleire studentar på 2000-emne.

FRA4517

- 1 Det har ikkje vore avvik frå emneplanen.
- 2 Av 2 emnepåmelde studentar tok 1 eksamen. Den andre studenten er ein gjengangar som over fleire semester har meldt seg på fleire emne, men aldri teke eksamen. Denne studenten har no mista studieretten (for godt, får vi vone). Den eine som tek eksamen, fekk karakteren C, som speglar arbeidsinnsats og nivå. Den elektroniske evalueringa som studenten har levert, viser at emnet har vore engasjerande og utbyterikt.
- 3-6 Sjå over (FRA2504).

Blindern, 14. januar 2011
Svein Erling Lorås